

Årsmelding for Vaksdal kyrkjelege fellesråd 2020



Årsmelding for 2020

Innleiing

Årsmeldinga skal ta utgangspunkt i, og gje ei vurdering av, vedtekne målsetjingar, planar og budsjett.

På denne måten kan ressursbruken på ulike områder vurderast, og leggja grunnlag for kommande års planar og budsjett.

Årsmeldinga skal gje opplysningar som er viktige for å vurdere fellesrådet si økonomiske stilling, og andre forhold som ikkje utan vidare går fram av rekneskapen.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd (VKF) søkte om 3.850.000 til drift i 2020. Dette er det same som for 2019, og representerer difor ei reell reduksjon i VKF sitt budsjett. VKF søkte også om 1.300.000 til investering på kyrkjene. Vaksdal kommune har også ein tenesteytingsavtale med Vaksdal kyrkjelege fellesråd om tenesteyting på gravplassen. Denne avtalen er av Vaksdal kommune satt til ei verdi på kr 1.200.000

Sidan søknaden var i samsvar med det kommunen hadde gitt intrykk av at me kunne forvente, fekk me dette året det me søkte om.

I løpet av 2020 har fellesrådet blitt merksame på fleire problemstillingar som gjer at Vaksdal kommune og Vaksdal kyrkjelege fellesråd treng å jobba tett saman for å finne gode løysingar. Me ser mellom anna at Vaksdal kommune har satt ein verdi på tenesteytingsavtalen 1.200.000. Denne posten vil no bli ført slik det ligg i lova. Dette vil sei at det ikkje er budsjettet verdi som skal førast i rekneskapen, men faktiske opparbeida kostnadar for kommunen iløpet av regnskapsåret.


Diakoni.

I 2020 har fellesrådet arbeid for å få på plass ei diakonistilling i Vaksdal. Det var semje om at ein skulle gjera dette i samarbeid med Vaksdal kommune. Det er satt ned ei arbeidsgruppe som er beståande av representantar frå fellesrådet og representantar frå administrasjonen i Vaksdal kommune. Denne gruppa har no jobba godt saman, for å komma fram til ei løysing der ein kan tilsetje ein diakon i Vaksdal kommune. Bjørgvin bispedømme kan finansiere inntill 50% av ei slik stilling

Korona

2020 har vore eit spesielt år. Kyrkjene i Vaksdal har opplevd ein sterk reduksjon i aktivitetar. I periodar av 2020 har kyrkja vore heilt stengt, i andre periodar har me fått lov til å drive ein sterkt redusert aktivitet. Dette vil vise godt i tal og statistikkar som me legg fram for inneverande år. Sjølv om det har vore eit krevjande år for både frivillige og tilsette, er me svært glade for at me gjennom det meste av året, trass alt, har klart å gjennomføre nokon av aktivitetane våre.

Me ynskjer å nytte høve til å takka alle medarbeidarar for den fantastiske arbeidsinnsatsen som dei har lagt ned igjennom dette vanskelege året. Me opplever at både lokale og regionale smitteverntiltak har vore fylgt opp på ein forsvarleg måte. Våre folk har kunna tilpassa seg nye og krevjande utvikling på kort tid.


Bjart-Magnus N Rosvold
Kyrkjeverje/ dagleg leiar


Lars Patterson
Leiar Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Innhald	Side
Samansetning av fellesrådet	4
Om rådet sitt arbeid	4
Organisasjonsoversikt	5
Stillingar i kyrkjene	5
Statistikk kyrkjene i Vaksdal	6
Budsjettgrunnlaget for 2020	6
Om vedlikehald og investering	9
Gravplassane i Vaksdal	10
Kyrkjemusikk	11
Trusopplæring	12
Prisar for utleige og sal av tenester	14
Kyrkjebladet for Vaksdal	15
Straumutgifter til kyrkjene	15
Kommentar til vedlagt rekneskap	16
Kyrkjeleg administrasjon (Føremål 041)	16
Kyrkjer (Føremål 042)	16
Kyrkjegardar (Føremål 043)	17
Andre kyrkjelege føremål (Føremål 044)	18
Årsrekneskapen 2020, med balanse og notar	19

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

I 2020 var Vaksdal kyrkjelege fellesråd samansett slik

Leiar:	Lars Patterson	Eksingedalen sokneråd Vara: Ole Jakob Nese
Nestleiar	Anne Hilde Fosse Osvold	Bergsdalen sokneråd Vara: Lise-Lotte Småbrekke
Medlem	Anne Margrete Eikefet	Stamnes sokneråd Vara: Eidrun S Normann
-----	Elisabeth Verpelstad	Dale sokn Vara: Odd Dyvik
-----	Anders Boge	Vaksdal sokneråd Vara: Anders Boge
-----	Evelyn Gullbrå	Nesheim sokn Vara: Magnar Nese
-----	Frode Kvamsøe	Geistleg representant Vara: Edvard Bø
-----	Hege Eide Vik	Vaksdal kommune Vara: Erlend Hesjedal
Sekretær	Bjart-Magnus N Rosvold	Kyrkjeverje

Om rådet sitt arbeid

”Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen” (Utdrag frå Kirkeloven §14)

Fellesrådsmøte


VKF hadde 6 møter i 2010, og handsama 45 saker

Grunna smittevern har me hatt 2 møter på Teams og 4 møter i Elvahuset på Dale. Det er kyrkjeverja som i samarbeid med eit arbeidsutval førebur sakene til fellesrådet, og er sekretær for fellesrådet. Fellesrådet sine møter er offentlege og opne for tilhøyrar. Mange av sakene frå 2020 omhandlar tema økonomi. Knappe resursar og store utgifter gjer prioriteringane til fellesrådet ekstra utfordrande. Fellesrådet uttrykker ei spesiell uro for tilstanden på kyrkjebygga og eit stort vedlikehaldsetterslep. Gravplassane er også eit tema som går igjen i møta våre. Dei fleste gravplassane i Vaksdal har behov for vedlikehald og opprusting.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Organisasjonsoversikt



Den norske kyrkja har delt leiarskap. Fellesrådet tilset dei kyrkjelege medarbeidarane lokalt, medan bispedømerådet tilset prestane. Prestane er representerte i sokneråda, og biskopen tilset geistleg representant til sokneråda og fellesrådet.

Sokneprest Edvard Bø er i Vaksdal og Stamnes sokneråd

Sokneprest Frode Kvamsøe er i Bergsdalen, Dale, Eksingedalen og Nesheim sokneråd.

Stillingar i kyrkjene i 2020

1=Vaksdal,	5 = Eidsland
2=Dale,	6 = Eksingedalen
3=Bergsdalen,	7 = Nesheim
4=Stamnes	

Kyrkjeteradar (1,2,3,4,5,6,7)	5 personar	0,7 årsverk
Klokkarar (1)	1 person	0,1 årsverk
Klokkarar (2,3,4,5,6,7)	6 Stillingar utan fast tilsette	0,5 årsverk ledig
Kyrkjeg.arb (3,5,6,7)	3 personar	0,2 årsverk
Kyrkjeg.arb (1,2,4)	tenesteyting	0 årsverk ledig.
Reinhaldarar (6,7)	1 person	0,1 årsverk
Sekretær	1 stilling	0,5 årsverk ledig
Kyrkjeverje	1 person	1,0 årsverk
Kantorar	2 personar	1,5 årsverk
Trusopplærar	1 Person	0,5 årsverk

Sum	14 personar tilsette 4 årsverk (om lag)	7 ledige stillingar . 1 ledig årsverk
------------	----------------------------------------------------	--------------------------------------------------

Kyrkjeterar, organist, kyrkjeverje og klokkar er lovpålagte stillingar ut frå Kyrkjelova §15.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Statistikk kyrkjene i Vaksdal 2020

	Samla	Bergsdalen	Dale	Eksingedalen	Nesheim	Stamnes	Vaksdal
Gudstenester	87	9	23	5	8	18	24
Frammøte, totalt	2.614	218	1.047	73	218	364	694
Døypte	20	2	9	1	1	2	5
Konfirmerte	38	2	19	1	0	2	16
Vigslar	0	0	0	0	0	0	0
Gravlagde (Kiste)	39	1	18	3	0	8	9
Gravlagde (Urner)	14	0	6	0	0	2	6
Innmeldte	3	1	0	0	0	0	2
Utmeldte	10	0	7	0	0	2	1

Litt om tala i tabellen

I talet på gudstenester ligg dei ordinære gudstenestene i kyrkjene våre, ekstra gudsteneste ved gjestande kyrkjelydar o l, skulegudstenester og nattverdsgudstenester. Institusjonsandaktane på Dale og Vaksdal sjukeheim, er tatt med i gudstenestetalet.

I Stamnes sokn er det to kyrkjebygg, og gravapllssar men tala er her slått saman. I tala på gravlagde på Dale er også gravleggingar på Stanghelle tatt med.

Tala på gravferder gjeld dei som har hatt kyrkjeleg gravferd/bisetjing i Vaksdal og er gravlagde/jordfesta i 2020. Urneandelen i Vaksdal er no oppe i 36 % dette er ei klar auke frå tidlegare år.

Tala på vigslar gjeld både vanleg kyrkjeleg vigsel og forbønshandlingar for tidlegare inngåtte borgarlege ekteskap. Me har ikkje hatt nokon vigslar i 2020. esse har blitt usatt til 2021 grunna Koronaen.

Tala er dei same som er innlevert til SSB og/eller ligg inne i medlemsregisteret til Den norske kyrkja.

Budsjettdokumentasjon for 2020

VKF søkte om kr. 3.850.000 til drift av kyrkjer og gravplassar.

Me søkte også om 1.300.000 til invistering i kyrkjene i Vaksdal

Tenesteytingsavtalen mellom Vaksdal kommune og fellesrådet er av kommmunen satt til 1.200.000

Budsjettfralegget var bygd på føresetnadane i Kyrkjelova §15 om kommunen sitt økonomiske ansvar.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Føresetnaden for budsjettarbeidet 2020 er som følgjer:

Før denne budsjettsøknaden vart sendt har kyrkjeverja vore i møte med administrasjonen i Vaksdal kommune. Fellesrådet og kyrkjeverja vonar at me kan få fleire gode kontaktpunkt med kommunen frametter. Om me skal få økonomien til å gå i hop er begge partar på mange måtar gjensidig avhengige av kvarandre.

Det er viktig for fellesrådet å synleggjera kva midlar me treng for å ha ei fornuftig drift av kyrkjer og gravplassar. Det har i mange år vore eit stort gap mellom kva midlar me treng og kva me får tildelt. Dette fører til eit vedlikehaldsetterslep på kyrkjebygg og gravplassar som fellesrådet er uroa over.

Gravplassane i kommune er den posten med nyttar mest pengar på etter lønn og sosiale utgifter. Gravplassane i kommunen er ein viktig arena for folket i kommunen. Her kan dei gå og minnast dei nære og kjære som er avlidne. Tilstanden på gravplassane (spesielt Vaksdal, Stanghelle Dale og Stamnes) er ikkje bra. Dei siste åra har kommunen gitt fellesrådet beskjed om at det ikkje er midlar til å gjera det mest naudsynte vedlikehalde, som for eksempel å gruse gangstiane. Sidan gravplassforvaltninga er ein del av den offentlege forvaltninga som kyrkja gjer på vegne av kommunen er det ikkje rett at kyrkja skal måtte ta av sitt eige driftsbudsjet. Dette er trass alt ei teneste som vert gjort for alle. Me har difor valt å ta ut funksjon 043, og ta med alle dei reelle utgiftene som kyrkjeleg fellesråd har på dette. Samt at me synleggjer den biten av kommunen sin tenesteytingsavtale som ligg på gravplassane.

Kommunen har i sin økonomiplan løyvd midlar til eit forprosjekt på Dale gravplass. Målet med prosjektet er å få til ei større utviding av gravplassen. Den nye delen skal mellom anna innehalda namna minnelund, samt retningsbestemte graver. Dette forprosjektet vart avslutta på tampen av 2020. Me ser fram til å komma i gang med reguleringsplanen for området, og ikkje minst bygginga av sjølve gravplassen.

Årets søknad er bygd på eit 0 budsjett. Det vil sei lønnskostnadane er justert med kommunen sin deflator på 2,7 %. Dette betyr i utgangspunktet at fellesrådet ikkje har noko midlar igjen til vedlikehald. Me nyttar difor ubunden fond til å dekke opp slik at me fortsatt har moglegheit til å gjera litt sårt trengt vedlikehald på kyrkjene våre.

Fellesrådet opplever at tenesteytingsavtalen med kommunen på gravplassar, leige av kontorlokale og vask av kyrkjene (Vaksdal, Dale, Stamnes, Eidsland) fungerer etter intensjonane.

1. Tiltaka som er nemnt ovanfor gjer at me kan levere inn ein budsjettsøknad der dei budsjetterte driftskostnadane er lagt til det reelle behovet som kyrkjeleg fellesråd har. Samtidig har me klart å syte for 0-vekst i kommunen sine løyingar sidan me nyttar eigne fons Lønnskostnad som er den største posten i budsjettet er regulert med kommunen sin deflator på 3,1 %
2. Pengar til drift og vedlikehald av gravplassane (funksjon 043) er dekka av kalkulatoriske utgifter og inntekter på gravplassane (Vaksdal, Stanghelle, Dale, og Stamnes. Dei kalkulatoriske utgiftene dekker også graving av graver på alle gravplassane. I tillegg til dette har me budsjettert med 577.000 av våre eigne driftsmidlar til drift og vedlikehald av gravplassane. Dette dekker alt frå

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

klipping av gras til gravplass administrasjon. Verdien av tenesteytingsavtala med Vaksdal kommune er det Vaksdal kommune sjølv som har satt.

3. Fellesrådet må framleis søkja om midlar til vedlikehaldstiltak og invisteringar som er for store for drifta vår. Nærare prioritering av desse prosjekta finn de i fellesrådet sin vedlikehaldsplan. I Vaksdal kommune sin økonomiplan ligg det alt kr 1.300.000 i friske pengar for 2020. Me ser for oss at dette er tilstrekkeleg for å sluttføre arbeidet på Dale kyrkje. I samarbeid med Vaksdal kommune og fellesrådet har me sluttført eit forprosjekt på utviding av dale gravplass. Det er kommunen ved Magne Rønning Eikeland som har prosjektleiinga på dette. Det vil koma ei eiga sak om dette for kommunestyre innan kort tid.
4. Forsikringssum på kyrkjebygg er indeksregulert med 3,1%
5. Summen av kommunen si tenesteyting med reinhald i kyrkjene og kontorleige er oppgjeve til kr 243.950.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Vedlikehald av kyrkjer i 2020:

Som vanleg har det vore utført stort og smått av vedlikehald på sju kyrkjebygga i Vaksdal. Me ser dette året at det meste av det me har brukt pengar på er å fornye og vedlikehalda gamle VVS løysingar. Det er også gjort ein del utskifte av gamle elektriske installasjonar. Det har vore gjennomført service på luftfukter. Desse gjer ein svært viktig jobb med å halde rett fuktigkeit i kyrkjeromma våre slik at orgel og anna inventar ikkje får skade av temperatursvingingar.

Fukt er eit gjennomgåande problem i felire av kyrkjene våre. Steinkyrkjer er spesielt sårbare for denne problematikken. Ei av kyrkjene som har hatt problem med dette i mange år er Bergsdalen kyrkje. Kjellaren har hatt mykje fukt og ein kan mellom anna sjå spor etter svertesopp på veggane. Me har no instalert ein større luftavfuktar, som skal vera med å bøte på desse problema.

Invisteringsprosjekt kyrkjene 2020:

I 2020 var planen å starte eit større prosjekt på Dale kyrkje, der ein skulle byte tak. Det hadde tidlegare vore påpeikt at dette måtte gjerast. Men når me fekk inn prisane på dette prosjektet såg me at dette vart for dyrt iforhold til løyvde midlar. Me hadde ein ny runde med fagfolk, og kom fram til ei vurdering der me med ganske små vedlikehaldsmidlar kan halda skifertaket på Dale kyrkje i mange år frametter.

Dette gav oss anledning til å snu oss rundt å sjå på Eksingedalen kyrkje. Dette er ei kyrkje som i mange år har hatt behov for omfattande rehabilitering. Grunna feilbehandling av fasaden på 80-tallet var det mykje arbeid som måtte gjerast. Til dette arbeidet vart det også utlyst konkurranse. Det var Malerfirma Monsen som vann denne. Det ytre skalet på Eksingedalen kyrkje er no fullstendig rehabilert. Dette gjer at me vil ha ei tett og god kyrkje i mange år frametter.



Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Gravplassane i Vaksdal

VKF har ansvaret for drift og vedlikehald av alle gravplassane i Vaksdal kommune. Det er viktig å presisera at dette er ei offentleg oppgåve som er lik for alle innbyggjarane i Vaksdal kommune uansett religion eller livssyn. Fellesrådet ser det difor slik at midlane til drift og vedlikehald av gravplassane, ikkje skal sjåast i samanheng med midlar som blir løyvd til fellesrådet sine kyrkjelege aktivitetar.

Det er 8 gravplassar i Vaksdal kommune, og fleire av dei er gamle. Dette gjev spesielle utfordringar ved opning og lukking av graver, samt vedlikehald på gravplassane. Det er eit faktum at det er altfor lite pengar til drift og vedlikehald av gravplassane. Med så små midlar er det umogleg å lage ein god plan for arbeidet. Det vert derfor mykje «brannslukking» og kortsiktige løysningar.

Sumaren 2020 skifta me kledning å måla det gamle klokketårnet på gravplassen ved Bergsdalen kyrkje. Tårnet er like gammalt som gravplassen og vart brukt ved gravferder i Bergsdalen før Bergsdalen kyrkje vart bygd. No blir det gamle klokketårnet nytta som reiskapsskur.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Kyrkjemusikk 2020

Året har vore prega av avlyste aktivitetar grunna Korona. 2020 blei året då me måtte finne digitale løyaningar for både gudstenester og konsertar, og det vart naudsynt å lære seg videoredigering.

Stamnes barnekor avslutta vårsesongen med å synge på basar på Stamnes Bedehus 13/2. Koret kunne øve enkelte periodar på hausten, men mot slutten av året blei korarbeid forbudt i Vaksdal grunna smittesituasjonen. Grunna dette var det berre ein moglegheit til å høyra koret synge i 2020.

Koret Kilden øvde fredagar fram til nedstenging i mars. Etter dette vart alle vårens planlagde framføringar avlyst, men det vart ein utandørs avslutningsfest i juni. Nye øvingar starta i haustsemesteret, med fleire lengre «pausar» på grunn av varierande retningslinjer. Med forbod mot korarbeid i november gjekk også alle planlagde framføringar i haustsemesteret ut. Kilden har øvd på repertoar, men har ikkje fått anledning til å synge for et publikum i 2020.

Adventskonsertar

Av planlagde adventskonsertar vart berre ein avviklar:

12/12 18.00 i Dale kyrkje, **Adventskonsert** med Lars Ragnvaldsen og Ruben Gjertsen.

Lars stilte på kort varsel med solosong sidan Dale mannskor ikkje hadde moglegheit.

Det ble samtidig laget en digital adventskonsert med eit par songar og adventstankar frå varaordførar Kjartan Haugsnes.

<https://kirken.no/nn-NO/fellesrad/vaksdal/kyrkjemusikk/adventskonsert%202020/>

Orgelkonsertar

Alle fysiske orgelkonserter blei avlyst i 2020, men det ble laget ein serie digitale konsertar, mange av desse er enno tilgjengelege på Youtube.

20/3 **Musikk for Maria Budskapsdag** fra Dale kyrkje, Magnificat av Marcel Dupré, Ruben Gjertsen orgel. (Lydfiler.)

8/4 **Orgelresitasjon på Skjærtorsdag** frå Anton Proskurnins stue. (Lydfiler.)

9/4 **Orgelresitasjon på Langfredag**, Dale kyrkje, Ruben Gjertsen orgel. (Lydfiler.)

27/4 **Orgelet som orkester**, Dale kyrkje, Ruben Gjertsen orgel.

<https://kirken.no/nn-NO/fellesrad/vaksdal/kyrkjemusikk/orgelkonsert%202027.%20april/>

7/6 **Sjukyrkjeskonsert**, rundtur dar Ruben Gjertsen spelar på alle orglene i Vaksdal. Musikken vart spelt inn på ulike stadar i løpet av ei veke.

<https://kirken.no/nn-NO/fellesrad/vaksdal/kyrkjemusikk/sjukyrkjeskonsert/>

26/7 **Principal sound**, moderne orgelmusikk av Morton Feldman, spelt inn i Dale kyrkje, Ruben Gjertsen orgel. (Video med mikroskopbilder fra Dale kyrkje.)

29/11 **Orgelet som orkester II**, Dale kyrkje, Ruben Gjertsen orgel.

<https://kirken.no/nn-NO/fellesrad/vaksdal/kyrkjemusikk/orgelet%20som%20orquester%20ii/>

Gudstenester

Profesjonelle og frivillige deltok på gudstenester i løpet av året.

- **Ung Messe i Dale** 23/8, Anton Proskurnin med band: Stian Villanger, Sigurd Ulveseth, Morten Færstrand. Ruben Gjertsen spelte orgel på liturgiske ledd.
- **Ungdomsgudsteneste i Vaksdal** 20/9 og **Ungdomsgudsteneste i Dale** 27/9:

- Gudstenester i jazz-stil arrangert av Ruben Gjertsen, med Hege Eide Vik, Øivind Stømer, Anton Proskurnin, Ruben Gjertsen, Thomas Lossius og Sigurd Steinkopf. Bandet deltok på alt av musikk, salmar og liturgi.
- **2 julegudstenester i Stamnes** 24/12: Eirik Straume Normann song solo, då smittevernreglene gjorde at ein ikkje kunne synga salmar saman.
- **2 julegudstenester i Dale** 24/12: Lars Ragnvaldsen sang solo.
- **Julegudsteneste i Nesheim** 24/12: ?????
- **Julegudsteneste i Vaksdal** 24/12: Oda Steinkopf sang solo.
- **Gudsteneste i Bergsdalen** 26/12: Elisabeth Lid Trøen spilte saksofon og fløyte.

Orgelundervisning

Det er åpnet for gratis orgelundervisning med Ruben Gjertsen, og det begynte 2 orgelelever høsten 2020, i Dale og Vaksdal.

Årsmelding for trusopplæring 2020

Kristin Straume Audestad er framleis fast tilsett i 50% stilling som kyrkjelydspedagog i Vaksdal. Denne stillinga er løna gjennom statlege trusopplæringsmidlar. Trusopplæringa i Vaksdal blir kalla «Vegen». Vegen i Vaksdal vil gje born og unge høve til å vekse i tru. Vegen er livs- og trusopplæring for alle i Vaksdal frå dei er døypt og til dei er 18 år. Aktivitetane er sjølvsagt òg opne for born og unge som ikkje er døypte.

Gjennom trusopplæringa skjer det ein god del aktivitet i og rundt kyrkjene våre. Både nye tiltak og tiltak som har vore gjennomført i dei ulike sokna i mange år. Sjølv om trusopplæraren har hovudansvaret for mange av prosjekta skjer det i nært samarbeid med sokneråd, prestar, organistar og eit stort tal friviljuge. I mange høve er det dei ulike sokneråda som syter for at det er ressursar nok til at me kan ha alle desse tiltaka, til dømes når det gjeld friviljuge og mat.

2020 har vore eit annleis-år på mange måtar, så også i trusopplæringa. Mykje har vorte avlyst eller utsett, eller har fått andre former enn det skulle. Me har til dømes hatt ei bratt læringskurve når det gjeld å gjennomføra ting digitalt.

Før koronaen sette sit preg på landet og verda elles, rakk me heldigvis å gjennomføra nokre tiltak. Til dømes **tårnagenthelg** med årets åtteåringar, der ein fin gjeng inntok Vaksdal kyrkje i januar. Dei lærte tårnagentsongen, var på oppdagingsferd og løyste oppdrag i kyrkja laurdagen, og deltok på ulike måtar i gudstenesta sundagen. Ei fin helg! **Lys Vaken** med årets elleveåringar vart òg gjennomført, med overnatting i Dale kyrkje i starten av februar. Her var det born med frå fleire av bygdene i kommunen, og dette er vorte ein fin tradisjon der me har gode, faste medhjelparar.

Elles blei til dømes leir for niåringar, og ungdomsleir for 13-16-åringar på Fagertun avlyst, det same med segtur for tolvåringar, og borna sin påskedag med påskevandring. Det siste vart gjort på ein alternativ måte, der Kristin laga ei digital påskevandring som framleis ligg ute på Youtube.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Me rakk ha nokre samlingar med **babysong og småbornssong** på Dale i vår før landet gjekk i koronamodus, og i haust hadde me òg eit par samlingar i Dale bedehus der smittevernet blei ivareteke. Til dømes ved at me var i storsalen med god avstand mellom kvar husstand, at me unngjekk at fleire born tok på dei same tinga, og at me kjøpte ei såpeboblemaskin og unngjekk å blåsa potensielle «smittebobler» rundt i rommet. Det var fint å kunna tilby ein trygg møtestad for store og små, sjølv om det ikkje var mogleg å gjennomføra mange gongar før smittesituasjonen forverra seg.



Det mest nyskapande me gjorde dette året, var å laga digitale samlingar med «**stovesong**» på facebook, for borna under skulealder. Me sende òg heim «stovesong-utstyr» til fleire aldergrupper, og til dei som elles ynskte det, utanom aldersgruppene. Borna fekk kvar sine rytmeegg, bamsar og såpebobler, og fekk delta på den innspelte samlinga frå stova si. Dette fekk me gode tilbakemeldingar på, og over hundre heimar fylgte med.

Utdeling av bøker til fireåringane og seksåringane blei i postkassen, som julegåver. Og så hadde me ei **julevandring** i open kyrkje på Dale, der born og vaksne gjennom ulike postar kunne lytta til å sjå juleforteljinga, medan dei gjekk rundt i kvar sin kohort. **Utdeling av nytestamente til tiåringane på Vaksdal** er utsett til våren 2020.

Konfirmantane 2019/2020 fekk ei annleis avslutning på konfirmantåret, med ein del digital undervisning, og konfirmasjonar i små grupper på hausten. **Konfirmantane 2020/2021** hadde både fysiske og digitale samlingar på hausten, alt med omsyn til smittevern.

Andre tilbod til born og unge i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar er tilbod som ikkje vert rekna som trusopplæringstiltak. Dette vert likevel sett på som positive tilbod som kan vere med og gje støtte til trusopplæringsplanen. Av tilbod finns det barnekor på Stamnes, søndagsskular, Barneforeining, og Ving på Dale som hadde faste samlingar også i 2020, om enn noko færre.



Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

2020

I samsvar med kyrkjelova §20

*Det vert ikkje kravd leige for våre eigne arrangement i sokna.
Kyrkjeverja tek avgjerd om innkrevjing av leige eller utgiftsdekning.*

Pkt:	Aktivitet:	Satsar i 2020
1	Leigesats for kyrkja	Kr 1300,-
2	Leigesats for kyrkja der kyrkjetenar er til stades og arbeider Kyrkjetenar kostar 350 kr pr time, me reknar normalt 3 timer	kr 1300 + timar,-
3.	Leigesats for konserter med billettinntekter. Kyrkjetenar 350 kr pr time, me reknar normalt 3 timer	1300,- + timar kyrkjetenar
4	Leige for kyrkja ved bryllaup for utanbygdes par, eller gravferd, med vår medverknad. Kyrkjetenar 350 kr pr time x 3 = 1050 Organist: 500 kr pr time x 3 = 1500 Bispedømekontoret sender eiga rekning for prestetenesta	Kr 1300,- + timar Normalt 3850,-
6	Leige av kyrkja til innspeling av musikk, utan vår medverknad, pr dag	kr 1300,-
7	Leige av kyrkja til innspeling av musikk, med vår medverknad: Det vert rekna timar for tilsette som deltek. Kyrkjetenar 350 kr pr time Organist:500 kr pr time	kr 1300- + timar
8	Graving av grav for avlidne ikkje busett i kommunen. (Desse satsane vert fastsette av kommunen, og varierer etter kva gravplass og årstid.) (Sjå Vedtekter for kyrkjegardane Pkt 1.1)	Frå 12.500 + moms
9	Graving for nedsetting av urne, avlidne ikkje busette i kommunen(Desse satsane vert fastsette av kommunen, og varierer etter kva gravplass og årstid.) (Sjå Vedtekter for kyrkjegardane Pkt 1.1)	Frå 3500 + moms
10	Utanbygds: Urnenedsetting utført av tilsette	Kr 1500-

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Kyrkjebladet for Vaksdal

Kyrkjebladet hadde 4 utgjevingar i 2020

Trykking	kr 61.100
Porto	kr 22.100
Grafikar	kr 25.400
Annonseinntekter	kr -25.600
Bladpengar/ gåver	kr -51.500
Utgifter 2020	kr 31.500

Arbeidet som staben har utført i samband med Kyrkjebladet er ikkje med i oppstillinga. Det vil være eit fokus og auke annonseintekter og gaveinntekter, slik at dette går i 0,- på sikt. Dagane før kyrkjebladet skal i trykken er det alltid hektisk aktivitet på kyrkjekontoret. Sjølv om det er kyrkjeverja som er ansvarleg redaktør, er det sokneprest Frode Kvamsøe som tar på seg det meste av arbeidet. Både trusopplærar og kantorar bidrar til bladet. Me ser på kyrkjebladet som eit viktig medium for oss i kyrkja i Vaksdal. Bladet vert distribuert til alle husstandane i kommunen, og gjev oss ei god moglegheit til å fortella om arbeidet vårt. Undersøkingar som er gjort om kyrkjeblad på landsbasis visar at opp mot 90% av mottakarane les heile, eller delar av bladet. Dette betyr at kyrkjebladet nok er ein av de viktigste «kontaktane» kyrkja har med folket i Vaksdal.

Straumutgifter i kyrkjene

Kyrkje	2020	2019	2018	2017	2016
Dale	16701	23513	24180	15273	14 808
Vaksdal	76720	111311	91420	88014	94 630
Bergsdalen	24087	37468	28992	16324	19 198
Stamnes	26046	35252	29515	26729	25 244
Eidsland	19061	29575	28157	26577	11 196
Eksingedalen	19721	28412	22732	18988	14 909
Nesheim	14471	23882	19571	16419	12 837
Sum	196 807	289 413	244 567	208 324	216 872

Straumutgiftene til kyrkja i Vaksdal har lenge vore eit fokusområde for fellesrådet. Desse er høge og me ynskjer å redusere dette. Grunnen til at straumforbruken er so lav for 2020, er nok ein direkte konsekvens av Krona og svært lav aktivitet i kyrkjene våre. Energiforbruk er ein stor del av kyrkja sitt totale miljøavtrykk, og me arbeidar med tiltak for å få denne ned.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Kommentarar til vedlagt rekneskap, rapporten "Årsrekneskap resultat 2020"

Rekneskapen er delt inn i fire føremål. Administrasjon, kyrkjer, gravplassar og andre føremål.

I høve til meirforbruk og mindreforbruk vert dei fire føremåla sett under eitt, der overskot på eit føremål vert nytta til dekning på eit anna.

Ved utarbeiding av budsjett, og revidert budsjett, går alltid kvar av dei fire føremåla i balanse. Dette er ikkje mogleg å få til for rekneskapstala sin del, før ein fordeler underskot og overskot mellom føremåla.

Difor går nokre føremål med "overskot", andre med "underskot" i høve til budsjett-tala.

Kyrkjeleg administrasjon (Føremål 041)

Historikk	2020	2019	2018	2017
Inntekter	1333691	1 522 000	1 182 983	1 243 854
Lønn og sosiale utgifter	703465	729 378	830 089	784 256
Varer og tenester	583783	660 801	633 744	458 535
Tenesteyting	60000			

Denne delen av rekneskapen inneheld kostnadene for dei merkantile oppgåvane, telefon, porto, datautstyr, rekneskap og tilsvarande, samt løn til administrasjonen.

Kyrkjer (Føremål 042)

Historikk	2020	2019	2018	2017
Inntekter	2833005	2 417 764	2 596 938	2 850 048
Lønn og sosiale utgifter	1566383	1 571 351	1 282 840	1 000 092
Varer og tenester	707916	988 576	831 398	1 045 897
Tenesteyting	157230			

Denne delen av rekneskapen viser utgifter til drift og vedlikehald av kyrkjene og dei lovpålagte kyrkjelege handlingane. Løn til dei som arbeider i kyrkja vert ført her.

Vedlikehaldsoppgåvane er omtala side 8 i årsmeldinga.

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Kyrkjegardar (Føremål 043)

Historikk	2020	2019	2018	2017
Inntekter	1711428	2 109 756	2 109 756	1 584 654
Lønn og sosiale utgifter	384625	339 847	78 271	51 121
Varer og tenester	201280	178 191	1 199 916	1 188 216
Til kommunen	0	0	1 018 236	1 081 048
Tenesteyting	1095000	1200000	0	0

Denne delen av rekneskapen viser utgifter til drift av kyrkjegardar. Løyvinga frå kommunen til dette kapittelet vert ikkje rekna som løyving til religiøse føremål, av di fellesrådet forvaltar kyrkjegardane på vegner av kommunen for alle innbyggjarane, uansett livssyn. Gravferdslova regulerer fellesrådet og kommunen sine rettar og plikter i høve til gravferder og drifta av kyrkjegardane.

Etter reforhandlinga av tenesteytingsavtalen i 2018/2019 ser me no at kommunen utfører tenester som er satt til ein verdi av kr. 1.200.000. Det vert altså ikkje fakturert fellesrådet lenger. Dette er grunnen til at summen for varer og tenester går ned. Auke i lønn og sosiale utgifter har komme fordi administrasjon av gravplassforvaltninga er tatt med i dette talet frå og med 2019

Festeavgifter

Gravferdslova § 14. Feste av grav.

"Kirkelig fellesråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i gravplassens vedtekter. For feste av grav kan det kreves avgift." ...

Festeavgifta er fastsett til kr 250,- pr år. Festeavgifta vert kravd inn for 5 år om gongen. Ei ny enkel grav, eller den fyrste av gravene i ein ny gravstad, har ein friperiode og fredingstid på 20 år. Vert det festa ei grav på sida av denne til bruk til dømes for ektefelle, vert det kravd festeavgift med det same. Ei grav kan festast til ho er 60 år, etter dette må ein søkje fellesrådet om løyve til framhald i festetida.

Kommunen bestemmer storleiken på festeavgifta, etter forslag frå VKF.

Det vart i 2020 kravd inn festeavgifter for kr. 266.250 mot kr. 258.150 i 2019. Inntektene frå feste varierer noko frå år til år etter kor mange festarar som får faktura. Me ser no at festeavgiftene ligg på om lag det same som den gjorde i fjord. Grunnen til dette er at kyrkjeleg fellesråd dei siste åra ikkje har trengd å gjera endringar i avgiftsstrukturen sin. Dette er me glad for.

Det er til saman om lag 4 900 gravlagde på kyrkjegardane i kommunen, og alle skal vere registrerte med pårørande

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Årsmelding for 2020

Det var i 2020 53 gravferder der 14 av dei var urnenedsetjingar. Dette viser at Vaksdal har ein kremasjonsprosent på kring 26,5%. Me ser at urneandelen har auka med i overkant av 6 % sidan 2018. Me ser no ein tydeleg trend som viser oss at det at Vaksdal kommune dekker kr 5000 i forbindelse med kremasjon, gjer at fleire vel denne forma for gravlegging. Me trur at dette tale vil auka meir i tida frametter.

Sumarstell og gravlegat

Det er høve til å tinga stell av graver mot betaling. Det er registrert 39 aktive legat. Desse legata har konto i Sparebanken Vest. Det er om lag 40 festalar som har tinga sommarstell med faktura år for år. Til saman skal om lag 110 graver stellast, fordelt på alle gravplassane. Det er naturleg nok dei store gravplassane på Dale og Vaksdal som har flest stell

Andre kyrkjelege føremål (Føremål 044)

Historikk	2020	2019	2018	2017
Inntekter	682 396	681 483	600 819	683 050
Lønn og sosiale utgifter	357 673	385 939	340 203	385 890
Varer og tenester	191 789	215 562	244 378	230 782
Tilskot og gåver	6 000	22 000	0	0

Denne delen av rekneskapen viser kostnader for konfirmantundervisning, trusopplæringa, samt Kyrkjebladet.

Trusopplæringsmidlar frå Bispedømme, og løn til trusopplærar, vert ført her. I 2020 var tilskotet frå Bispedømme på kr. 354.680. Desse midla går med til å lønna kyrkjelydspedagog (trusopplærar). I tillegg kjem ein del av pengane me har brukt på varer og tenester trusopplæringa til gode. Nytt av året er at me begynner å registrere gaveinntekter her. Ein del av det arbeidet som kyrkja driv er allmennytig og i stor grad basert på frivillig innsats. I tiltak som konfirmasjon, trusopplæring og korarbeide er det mange frivillige med. Andre igjen er med oss ved å gi pengar til dette arbeidet. Det er ei målsetting for fellesrådet at me ynskjer å auka gaveinntektene til denne typen arbeid. Me vonar at eit større fokus på dette frametter vil føre til nettopp dette.

Kostnader til andre tenester som ikkje er lovpålagte vert ført her

Konfirmantarbeidet, trusopplæringa og Kyrkjebladet for Vaksdal er kommentert tidlegare i årsmeldinga.

Vaksdal Kyrkjeleg Fellesråd

Årsregnskap 2021

Driftsregnskap

Vaksdal Kyrkjeleg Fellesråd

	Note	Regnskap 2020	Revidert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Brukertilgang, salg, avgifter og leieinntekter	9	-467 837	-421 000	-421 000	-499 936
Refusjoner/overføringer		-458 158	-412 660	-365 224	-410 620
Kalkulatorisk innt. ved komm. tj.yting	2	-1 095 000	-1 095 000	-1 443 950	-1 443 950
Statlige tilskudd		-362 680	-354 680	-337 500	-437 310
Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.	2	-3 850 000	-3 850 000	-3 850 000	-3 850 000
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler		-109 615	-60 002	-60 002	-124 556
Sum driftsinntekter		-6 343 290	-6 193 342	-6 477 676	-6 766 372
Lønn- og sosiale utgifter	5,6	3 012 113	3 337 117	3 219 200	3 026 518
Kjøp av varer og tjenester		1 684 770	1 838 299	1 826 119	2 043 132
Refusjoner/overføringer		311 382	367 660	365 224	364 477
Kalkulatoriske utg. ved komm. tj.yting	2	1 443 950	1 443 950	1 443 950	1 443 950
Tilskudd og gaver		63 130	5 000	5 000	61 623
Sum driftsutgifter		6 515 344	6 992 026	6 859 493	6 939 700
BRUTTO DRIFTSRESULTAT		172 054	798 684	381 817	173 328
Renteinntekter og utbytte		-2 756			-4 396
Utlån, kjøp av aksjer og andeler mv			13 000	13 000	9 005
Netto finansinntekter/-utgifter		-2 756	13 000	13 000	4 609
Avskrivninger	7	128 660			85 861
Motpost avskrivninger	7	-128 660			-85 861
NETTO DRIFTSRESULTAT		169 299	811 684	394 817	177 937
Bruk av udisponert fra tidligere år (oversk.)		-20 034	-463 773	-389 817	-210 926
Bruk av disposisjonsfond					-177 937
Sum bruk av avsetninger		-20 034	-463 773	-389 817	-388 863
Avsatt til dekning for tidligere år (undersk.)		20 034			
Avsatt til disposisjonsfond					210 926
Sum avsetninger		20 034	-	-	210 926
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK		169 299	347 911	5 000	0

Balanse

Vaksdal Kyrkjeleg Fellesråd

	Note	2020	2019
Anleggsmidler		6 962 215	6 222 634
Faste eiendommer og anlegg	4,7,8	6 782 239	- 6 023 827
Utstyr, maskiner og transportmidler	4,7	56 098	- 84 147
Aksjer og andeler	4	123 878	- 114 660
Omløpsmidler		3 062 457	2 171 589
Kortsiktig fordringer		325 085	- 110 509
Kasse, bankinnskudd		2 737 372	- 2 061 080
SUM EIENDELER		10 024 673	8 394 222
Egenkapital		-8 815 629	-7 300 803
Dipsosisjonsfond	3	-443 739	- 463 773
Bundne driftsfond	3	-121 938	- 121 938
Regnskapsmessig mindreforbruk	11	-179 651	
Regnskapsmessig merforbruk			20 034
Udekket i investeringsregnskapet	11	-1 108 086	- 512 492
Kapitalkonto	4	-6 962 215	- 6 222 634
Kortsiktig gjeld		-1 209 043	-1 093 420
Annen kortsiktig gjeld	9	-1 209 043	- 1 093 420
SUM EK OG GJELD		-10 024 673	-8 394 222

27.01.2021

Bjart-Magnus Rosvold

kyrkjeverge Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Lars Pallestrøm

leder fellesrådet

Investeringsregnskap

Vaksdal Kyrkjeleg Fellesråd

	Note	Regnskap 2020	Revidert budsjett 2020	Opprinnelig budsjett 2020	Regnskap 2019
Investeringer i anleggsmidler		859 024		2 140 615	2 054 385
Utlån, kjøp av aksjer og andeler o.l.		9 218			
Årets finansieringsbehov	8	868 242	-	2 140 615	2 054 385
Refusjoner		-163 836		-428 123	-410 877
Tilskudd til investeringer		-1 300 000		-1 200 000	-2 156 000
Sum ekstern finansiering	8	-1 463 836	-	-1 628 123	-2 566 877
Bruk av avsetninger		-512 492		-512 492	
Sum finansiering		-1 976 328	-	-2 140 615	-2 566 877
Udekket/Udisponert	8,11	-1 108 086	0	0	-512 492

Noter til årsregnskap

Note 1: Regnskapsprinsipper og vurderingsregler

Fellesrådets regnskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsatt av kultur- og kirkedepartementet 25. september 2003 og god kommunal regnskapsskikk. De kommunale regnskapsprinsipper innebærer blant annet at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og utgifter/inntekter er ført etter det såkalte anordningsprinsippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter medtas i drifts- eller i investeringsregnskapet. I balanseregnskapet er omløpsmidler vurdert etter laveste verdisprinsipp. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidler som har begrenset økonomisk levetid er avskrevet med like store årlege beløp over anleggsmiddelets levetid. Se for øvrig egen note om anleggsmidler.

Note 2: Kommunens tilskudd

Kommunens tilskudd til fellesrådets drift er kr 3 850 000,-. I tillegg er det utbetalt et investeringstilskudd på kr 1 300 000,- til fasade Eksingedalen kyrkje. Driftstilskuddet dekker drift av den lokale kirke og kirkegårdene i kommunen. For øvrig bestemmer fellesrådet hvordan midlene anvendes.

Det er videre inngått avtale om tjenesteyting med Vaksdal kommune:

Kyrkjegard (tidligere faktureret)	1 095 000
-----------------------------------	-----------

Note 3: Avsetninger

Spesifikasjon over fond, avsetning til og bruk av fond 2020

Konto	Type fond	IB	Årets avsetninger	Årets bruk av avsetninger	UB
5.56-5.58	Dispositionsfond	463 773,10		-20 034,00	443 739,10
5.51-5.52	Bundne driftsfond	0,00			0,00
5.53-5.54	Ubundne investeringsfond	121 938,21			121 938,21
	SUM:	585 711,31	0,00	-20 034,00	565 677,31

Note 4: Transaksjoner ført mot kapitalkonto

Dato	Beløp	Tekst
01.01.2020	6 222 633,57	IB
I løpet av året	9 218,00	Egenkapitalinnskudd KLP
I løpet av året	859 024,00	Aktivering
31.12.2020	-128 660,43	Avskrivninger
	6 962 215,14	UB

Note 5: Pensjonsforpliktelser

Vaksdal kirkelige fellesråd har avtale om pensjonsforsikring med KLP.
Pensjonskostnadene for 2020 er utgiftsført i regnskapet med kr 268 401,56,-.

Egenkapitalsinnskudd for 2020 er på kr 9 218,-.

Note 6: Lønn til ledende personer

	2020	2019
Daglig leder - lønn	807 645	672 478

Note 7: Anleggsmidler

Bokført verdi pr. 01.01.2020 totalt		<u>kr 6 222 633,57</u>
Bokført verdi pr 01.01	Faste eiendommer og anlegg	kr 6 023 826,75
	Aktivering	kr 859 024,00
	Avskrivning	-kr 100 611,49
Bokført verdi pr. 31.12		<u>kr 6 782 239,26</u>
Bokført verdi pr 01.01	Utstyr, maskiner, transportmidler	kr 84 146,82
	Avskrivning	-kr 28 048,94
Bokført verdi pr. 31.12		<u>kr 56 097,88</u>
Bokført verdi pr 01.01	Egenkapitalinnskudd KLP	kr 113 660,00
	Aktivering	kr 9 218,00
Bokført verdi pr. 31.12		<u>kr 122 878,00</u>
Bokført verdi pr 01.01	Aksjer Kirkepartner AS	kr 1 000,00
	Aktivering	-
Bokført verdi pr. 31.12		<u>kr 1 000,00</u>
Bokført verdi pr. 31.12.2020 totalt		<u>kr 6 962 215,14</u>

Note 8: Investering

Det er i 2020 utført investering på fasade Eksingedalen kyrkje.

Investeringer Eksingedalen kyrkje (aktivert)	859 024,00
Refusjon av moms	-163 836,00
Tilskudd kommunen	-1 300 000,00
Udisponert	<u>-604 812,00</u>
Rest fra investering 2019 er ført inn i investeringsregnskapet for 2020	-512 492,00
Egenkapitaltilskudd 2020	<u>9 218,00</u>
Udisponert	<u>-503 274,00</u>
Totalt udisponert i investeringsregnskapet 2020	-1 108 086,00

Note 9: Stell av graver/gravlegat

Gravlegat er ført på en gjeldskonto fra og med 2007.

Det er innestående kr 432 692,- per 31.12.2020

Det er utført tjenester i 2020 som er inntektsført med totalt kr 98 672,- hvorav kr 45 344,- er trukket fra legat og kr 53 328,- er fakturert.

Note 10: Gravplasser

	2020	2019
Inntekter		
Festeavgifter	-266 250	-258 150
Driftstilskudd	-195 114	-542 276
Annen inntekt (refusjon, gaver, m.m.)	-157 182	-148 036
	-618 546	-948 462
Utgifter		
Lønn	384 626	339 848
Annen utgift (kjøp av varer og tjenester, m.m.)	244 728	220 348
	629 354	560 196
Resultat på funksjon Gravplasser	10 808	-388 267

Note 11: Resultatet

Driftsresultatet for 2020 viser et mindreforbruk på 179 651,-.

Investering har et udisponert resultat på 1 108 086,-. Rådet vedtar disponeringene.

Note 12: Korona

Koronapandemien som kom i mars 2020 har ført til reduserte aktiviteter, og har dermed påvirket resultatet.



Til
Vaksdal kyrkjelege fellesråd
v/leiar

UAVHENGIG REVISORS MELDING

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Vaksdal kyrkjelege fellesråd som viser eit netto driftsresultat på kr 179.651,- i overskot og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 179.651,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, driftsrekneskap og investeringsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Vaksdal kyrkjelege fellesråd per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoén i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god communal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av fellesrådet slik det er krav om i lov og forskrift, og har følgt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Fellesrådet og dagleg leiar er ansvarleg for informasjonen elles. Anna informasjon består av informasjon i fellesrådets årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje informasjon elles, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese ytterlegare informasjon for å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom annan informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande innehold vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at informasjonen elles innehold vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det.

Fellesrådet og dagleg leiars ansvar for årsrekneskapen

Fellesrådet og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide og fastsetja årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at det gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll den finn nødvendig for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil.

Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneholder vår konklusjon. Tilstrekkeleg tryggleik er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.¹

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen, slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av fellesrådet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Voss, 13. mars 2021



Elin Bye
Statsautorisert revisor

¹ Linken under viser revisors oppgaver og plikter
http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger_revisors_oppgaver_og_plikter